

Anne Marit Larsen
Mjåtveitflaten 17a
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/6399 - 22/76706

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
07.10.2022

Avvist søknad om bruksendring - gbnr 322/143 Mjåtveit

Administrativt vedtak. **Saknr: 1093/22**
Tiltakshavar: Anne Marit Larsen
Ansvarleg søker:
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel avvist.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 29.08.2022.
Saka gjeld søknad om bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel.



Planstatus

Eigedom ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplan for industriområde Mjåtveit/Frekhaugmarka (plan-id: 125619780310) er definert som industriområde.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Kommunen har gått gjennom historisk arkiv og finn ikkje at bustad er godkjend med to etasjar. Bustaddel av bygg er vist med ein etasje på orginale byggetekningar, samt i seksjoneringssak. Andre etasje i bygg er ikkje godkjend. Det er dermed ikkje mogeleg å søkje om bruksendring for rom i denne etasjen. Godkjende teikningar:



2. Det må sendast inn søknad om påbygg for etablering av 2. etasje i bustad.
3. Søknad om påbygg krev bruk av ansvarleg føretak jf. pbl. §20-1 jf. §20-3.
4. Søknad om påbygg krev dispensasjon frå arealføremål «industriområde» i reguleringsplan. Dersom tiltak er i strid med andre føresegner i plan eller heimlar i plan- og bygningslova, må det søkjast om dispensasjon frå desse.

Søknad må elles oppfylle formelle krav til søknad. Sjå her for generell informasjon om søknad: <https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/slik-sokjer-du-ny/>

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl).

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing

Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Anne Marit Larsen

Mjåtvæitflaten 5918

FREKHAUG

Mottakarar:

17a